



Krav til styret i samvirkeforetak

--

Det er nokre paragrafer ein må ta hensyn til ved val av styre;

§ 67. Rett for tilsette til å velje styremedlemmar

- (1) I foretak med fleire enn 30 tilsette kan eit fleirtal av dei tilsette krevje at ein styremedlem og ein observatør med varamedlemmar skal veljast av og mellom dei tilsette.
- (2) I foretak med fleire enn 50 tilsette kan eit fleirtal av dei tilsette krevje at opp til ein tredel og minst to av styremedlemmane med varamedlemmar skal veljast av og mellom dei tilsette.
- (3) I foretak med fleire enn 200 tilsette skal dei tilsette velje ein styremedlem med varamedlem eller to observatørar med varamedlemmar i tillegg til den representasjonen som følgjer av andre ledd.
- (4) Forskrifter etter aksjelova § 6-4 fjerde ledd gjeld tilsvarande for val etter paragrafen her så langt dei høver

§ 69. Krav om representasjon av begge kjønn i styret

- (1) I styret i samvirkeforetak med meir enn 1 000 medlemmar på det tidspunktet valet av styremedlemmar skjer skal begge kjønn vere representert på følgjande måte:
 1. har styret to eller tre medlemmar, skal begge kjønn vere representert,
 2. har styret fire eller fem medlemmar, skal kvart kjønn vere representert med minst to,
 3. har styret seks til åtte medlemmar, skal kvart kjønn vere representert med minst tre,
 4. har styret ni medlemmar, skal kvart kjønn vere representert med minst fire, og har styret fleire medlemmar, skal kvart kjønn vere representert med minst 40 prosent.
 5. Reglane i nr. 1 til 4 gjeld tilsvarande ved val av varamedlemmar.

Reglane i første punktum nr. 1 til 5 gjeld ikkje dersom eit av kjønna utgjer mindre enn fem prosent av det samla talet på fysiske personar som er medlemmar i foretaket på det tidspunktet valet skjer.

- (2) Første ledd nr. 1 til 5 omfattar ikkje styremedlemmar som skal veljast mellom dei tilsette etter § 67. Når det skal veljast to eller fleire styremedlemmar som nemnt i første punktum, skal begge kjønn vere representert. Det same gjeld for varamedlemmar. Andre og tredje punktum gjeld ikkje dersom eit av kjønna utgjer mindre enn 20 prosent av det samla talet på tilsette i foretaket på det tidspunktet valet skjer.